



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 23.09.2019
Vår ref: 19/02945-5
Deres ref:

Høring av søknad om driftskonsesjon for Åsliane steinbrudd i Suldal kommune. Tiltakshaver: Gullingen Utviklingselskap AS

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST post@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG_NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har fått inn søknad om driftskonsesjon etter minerallova § 43, datert 23. juli 2019.

Med dette sender vi søknaden om driftskonsesjon på høring i samsvar med forvaltingslova § 17. Vi ber kommunen om å informere oss snarast dersom partar som saka vedkjem i særleg grad, ikkje står på adresselista for denne høyringa.

Høyringsfrist: fredag 18. oktober 2019

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på dirmin.no under «Saker til høring».

Samandrag av søknaden

Gullingen Utviklingselskap AS søker om driftskonsesjon for Åsliane steinbrot. Steinbrotet ligg på gbnr. 4/2 i Suldal kommune. Området er oppgitt til ca. 4 daa. Samla uttaksvolum er oppgitt til ca. 26 000 samla uttaksvolum er oppgitt til ca. 26 000 m³ masse, mens planlagt årleg uttaksvolum er oppgitt til mellom 1 000 og 8 000 m³ masse. Dette vil kunne forandre seg med situasjonen i marknaden og etterspørselen.

Massane skal nyttas til utbygging av Åsliane hyttefelt. For en nærare beskriving av det planlagde driftsopplegget vises til vedlagte driftsplan.

Området er i reguleringsplan «Detaljregulering Åsliane», PlanID 201702, regulert til masseuttak og friluftsområde.

Forventingar til høyringsfråsegnene

DMF ber om at offentlege etatar ut frå eige ansvarsområde vurderer om noko tilseier at driftskonsesjon ikkje bør tildelast, eventuelt om det skal stillast vilkår om avbøtande tiltak.

Private partar kan komme med innspel til relevante forhold i den aktuelle saka. Dersom noko ikkje er tilstrekkeleg belyst i søknaden, ber vi om opplysningar om dette.

Arealbruk er regulert gjennom plan- og bygningslova der kommunen er forvaltingsmyndigheit. Fråsegner knytte til dei arealdisponeringane kommunen har vedteke



(arealplan, reguleringsplan og eventuell dispensasjon frå reguleringsplan), legg vi derfor ikkje vekt på i vurderinga vår.

Denne søknaden gjeld driftskonsesjon etter minerallova. Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving.

Vi ber **kommunen, fylkesmannen og fylkeskommunen** opplyse om tiltaket påverkar miljøet, mellom anna naturmangfald, kulturminne og forureining. Dersom kommunen eller fylkesmannen har informasjon om slik påverknad, vil vi gjerne ha ei utgreiing om eventuelle konsekvensar og konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår.

Heile eller delar av høyringsuttalane kan bli refererte i vedtaket som seier om konsesjon blir gitt eller ikkje. Søkjaren får høve til å kommentere høyringsuttalar før vi gjer vedtak.

Kva vurderer DMF i samband med søknaden?

Formålet med minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling. Alle uttak av mineralske ressursar større enn totalt 10 000 m³ og alle uttak av naturstein er konsesjonspliktige.

DMF vurderer søknadene etter skjønn før vi eventuelt tildeler driftskonsesjon. I vurderinga legg vi vekt på om søkjaren er «skikka» til å utvinne førekomsten. Det vil seie om prosjektet synest økonomisk gjennomførleg, om søkjaren har god nok kompetanse, og om det er lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift av førekomsten.

Vi vurderer òg

- kva tiltaket betyr for verdiskaping og næringsutvikling
- korleis tiltaket påverkar naturgrunlaget for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- korleis tiltaket påverkar omgivnadene og nærliggjande område under drifta
- kva miljømessige konsekvensar tiltaket får
- kva planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

DMF stiller normalt vilkår ved tildeling av driftskonsesjon i medhald av minerallova § 43. Vilkåra omfattar mellom anna krav til driftsplan og økonomisk trygd for sikring og opprydding etter avslutta drift.

Høyringsfråsegnene skal sendast til

E-post: post@dirmin.no eller ordinær post: Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim



For nærmere informasjon om minerallova med tilhørende forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no.

Med helsing

Tuva Gravbråten Rooth
Overingeniør

Thomas Furunes
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Thomas Furunes

Mottakarar:

Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230 SAND
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001 STAVANGER
Fylkesmannen i Rogaland	Postboks 59, Sentrum	4001 STAVANGER
Norges vassdrags- og energidirektorat Region sør	Postboks 2124	3103 TØNSBERG
Haugaland Kraft AS	Postboks 2015	5504 HAUGESUND

Kopi til: